



Det var demonstrasjon av gjødselhandtering og gjødselspreiing. Bart van Gool på traktoren.

Det er tid for våronn rundt på gardane, og i går i kveldinga var det demonstrasjon av landbruksutstyr som kan gjera dette arbeidet lettare. Demonstrasjonen føregjekk på jordet i nærleiken av gjødsellageret til Runar Myklebust. Det var Eik-senteret i Haugesund saman med Norsk Landbruksrådgjeving som stod bak demonstrasjonen.



[Det vart informert både frå Norsk Landbruksrådgjeving og Eik-senteret.](#)

Norsk Landbruksteneste(tidl. Forsøksringen) stilte med 2 personar medan Eik-senteret og deira leverandørar kom med 3. Bakgrunnen for at denne demonstrasjonen var hos Runar Myklebust var at han hadde investert i nytt utstyr til gjødselhandtering, til pumping og røring.

Frå Haugesund hadde Eik-senteret med seg ulike gjødselvogner, og dermed var gjødselhandtering og gjødselspreiing med dette utstyret ein sentral del av demonstrasjonen. Det vart rørt, pumpa opp og spreidd kugjødseel frå gjødellageret til Runar.

I tillegg vart også Cross-killer vist i bruk. Det er utstyr som sår, tromlar og bearbeider(luftar) jorda på ein gong. Den er berekna på såing direkte i eng, men kan nok også brukast på åker.

Utstyret som vart vist er effektiviserande og gjer arbeidet lettare, men det er slett ikkje gratis. Hans Reidar Kjærland fortel at ei gjødselvogn kostar 150.000 - 200.000 kroner avhengig av storleik. Gjødselhandteringsutstyr til røring og pumping kjem fort på 120.000 kroner.

Frammøtet viste stor interesse for demonstrasjonen. Dei tilreisande var overraska over at så mange stilte i ei travel tid. Innimellom demonstrasjon og utstyrsprat vart det servert hembakte bollar og kaffi.



Cross-killer vart demonstrert.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Ståle Eik